



Valdansvarlege

## Administrativt vedtak

Saksnr.	Utval
070/23	Plan- og eigedomsutval

Vår ref. 22/7-24      Dykkar ref.      Sakshandsamar Øi Knut Fredrik      Direktenr 57641200      Arkiv K1-223, K2-K40      Dato: 19.06.2023

## Vedtak - Tildeling av fellingsløyve for hjort og elg - Aurland 2023

### Kort samandrag:

Bestandsplan for hjort i perioden 2021-23 vart vedteke våren 2021. Denne ligg til grunn for løyvetildelinga for hjort. Grunna trong for reduksjon i hjorteviltbestandane kring Nordfjella og Hardangervidda, må det vera høge fellingar og god oppslutning kring prøvetaking i nokre år til. Det er 743 *tilgjengelege* fellingsløyve for hjort denne sesongen, i tillegg til fri kvote på hjortekalv. Det vert delt ut 20 fellingsløyve på elg.

### Vedtak:

Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* tildeler Aurland kommune følgjande fellingsløyve i 2023:

- 20 fellingsløyve på elg
- 393 fellingsløyve på hjort

Aurland kommune nyttar § 7 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* og avvik minstearealet for tildeling av fellingsløyve på hjort med 50% for valda mellom Aurlands-vassdraget og Nordfjella sone 1. Sjå vedlegg for fordeling.

Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* §16 tillèt Aurland kommune at alle valda som er medlem i Aurland bestandsplanområde for hjort, kan nytta alle tildelte fellingsløyve i planperioden uavhengig av år. Alle grunneigarar som er med i eit godkjend hjortevald i Aurland kommune har, i tillegg til ordinær kvote, fri kvote på kalv i jaktseasonen 2023/24.

### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt

### Saksutgreiing/vurdering

Som eit smitteførebyggjande tiltak mot CWD, har Miljødirektoratet og Mattilsynet

anbefalt låg bestandstettleik i områda kring Nordfjella og Hardangervidda. Bestandsplan for hjort i Aurland i perioden 2021-23 vart godkjend våren 2021. Denne har som mål å redusera bestanden. Løyvetildelinga er omtalt i planen. Fellingsmålet i Aurland kommune har vore 200 hjort årleg. Resultatet vart i 2021 og 2022 henholdsvis 262 og 202 hjort. Sett-hjort-parametrane peiker i retning av ein svak vekst i bestanden. Auka bruk av termisk utstyr «forureinar» truleg indeksen ved at utstyret gjer jaktutøvinga meir effektiv.

Løyvetildeling er beskrive i bestandsplanen for 2021-2023 og er eit av fleire verkemiddel for å oppnå høg felling. I tillegg er det utvida jakttid, tilbod om sal av slakt, fri kvote på kalv og frie fellingsløyve på kjønn og alder. Miljødirektoratet/Statens naturoppsyn har i mange år tilbuddt gratis helikoptertransport av slakt. Denne ordninga vart avslutta i fjor, og vert altså ikkje tilbode i år. Sjå eige vedlegg med utfyllande info om jakta og ulike ordningar.

For å redusera bestanden i Aurland, er det naudsynt med høge fellingar også i 2022. Det er no siste året i bestandsplanperioden. Aurland kommune nytta i 2021 og 2022, og gjer også i 2023, moglegheita til å flytta fellingsløyva mellom åra i bestandsplanperioden. Dette gjeld kunn valda som er medlem i Aurland bestandsplanområde for hjort. Blant medlemsvalda er det 350 ubrukte løyve frå 2021 og 2022. Desse kjem i tillegg til dei 393 som er planlagt for 2023. Total tilgjengeleg løyvemengde er difor  $393+350=743$  fellingsløyve på hjort. I tillegg kjem fri kvote på hjortekalv i 2023/24. Fordeling av fellingsløyve til alle valda i kommunen er lista opp i vedlegga. Kommunedirektøren tilrår følgjande løyvetildeling i 2023:

- 20 fellingsløyve på elg
- 393 fellingsløyve på hjort

### **Klagerett**

Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefristen er 3 veker frå De er kjent med vedtaket.

Ev. klage sendast til:  
Aurland kommune  
Vangen 1  
5745 Aurland

Eller på e-post til: [post@aurland.kommune.no](mailto:post@aurland.kommune.no)

Med helsing

Øi Knut Fredrik  
Sakshandsamar

Magnhild Aspevik  
Landbrukssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

**Vedlegg:****Dok.dato**

19.06.2023

19.06.2023

19.06.2023

**Tittel**Informasjon om hjort- og  
elgjakta Aurland 2023

Aurland hjortevald 2023

Aurland elgvald 2023

**Dok.ID**

271061

271062

271063